

## PROTOKOLL FRÅ STYREMØTE I HELSE FØRDE HF

**MØTEDATO: 21.09.2023, kl. 10:00-16:00**

**MØTESTAD: Nordfjord psykiatrisenter, Nordfjordeid**

Styremøte var ope for publikum og presse

---

### **Deltakarar frå styret**

Ole Gunnar Krakhellen	Styreleiar
Anne Sissel Faugstad	Nestleiar
Aud Ingrid Espeland	Medlem
Thomas Vingen Vedeld	Medlem
Marit Hermansen	Medlem
Ivar Eriksen	Medlem
Lena Thorsnes	Medlem
Randi Aven	Medlem
Torfinn Heggland	Medlem (video)
Kari Sunde Kvile	Medlem
Marita Aarvik	Observatør

### **Forfall**

Reidar Sandal	Medlem
---------------	--------

### **Deltakarar frå administrasjonen**

Arve Varden, administrerande direktør  
Børge Tvedt, direktør Psykisk helsevern  
Trine Vingsnes, direktør Medisinsk klinikk  
Øystein Helleseeth, økonomidirektør  
Arne Skjelten, HR-direktør  
Asle Kjølraug, fagdirektør  
Terje Ulvedal, kommunikasjonssjef  
Berit Irene Haarklau, referent

### **Andre deltakarar**

Trond F. Aarre, avdelingssjef  
Arild Nøstdal, seksjonsleiar  
Guro Mjanger, seksjonsleiar  
Stian Sægrov, ambulansesjef (video)  
Robert Brennersted, avdelingssjef (video)

**SAKLISTE**

Saksnr.	Sakstittel
047/2023	Godkjenning av innkalling og dagsorden
048/2023	Godkjenning av protokoll frå styremøte i Helse Førde HF 21.06.2023
049/2023	Administrerande direktør si orientering
050/2022	Rapportering frå verksemda per august 2023
051/2023	Budsjett 2024 - løypemelding
052/2023	Årleg gjennomgang av styrande dokument for styret i Helse Førde HF
Saker til orientering:	
043/2023	Statusrapport om innovasjon i Helse Førde (utsett i førre møte)
053/2023	Bierverv i Helse Førde - status
054/2023	Beredskapsarbeid i Helse Førde - handlingsplan 2023-2024
055/2023	Høyring - NOU 2023:17 "Nå er det alvor – Totalberedskapskommisjonen"
056/2023	Prehospital plan – rapportering første halvår 2023
057/2023	Nye Førde sjukehus - løypemelding
058/2023	Eventuelt Skriv og meldingar

“Styret sitt kvarter”

**STYREMØTE STARTA MED FAGLEG ORIENTERING**

Direktør Tvedt innleia og orienterte om Rusposten som hadde ei markering av 10 år med eit jubileumsseminar i Operahuset 25. august.

**«10 år med rusbehandling - kva har me lært og kva mål skal me sikte mot i den vidare utviklinga av tenestene»**

- Kapasitet og ressursar
- Makttilhøve
- Samhandling med andre avdelingar i Helse Førde

Avdelingssjef Aarre orienterte om: Kapasitet og ressursar

Planlegging av rusposten starta 8 år før vi kom i drift. Lage planmessige pasientløyper. Kontakt med andre avdelingar i Helse Førde er avgjerande. Før oppstart hadde vi utgifter til gjestepasientar. Døgnpris i dag er kr 11.000,- Gjennomsnittleg opphald er 24 dagar.

Seksjonsleiar Nøstdal orienterte om: Makttilhøve

Han har vore seksjonsleiar frå oppstart i 2012. Vi har satsa på individualisert behandling, og systematisk utvikling gjennom erfaring og leiing, relasjon og samhandling. Kommunane har

også ei viktig rolle i rusbehandlinga som vi må samhandle med. Døgnbehandling har også biverknader, pasientar kan bli passive.

Avdelingssjef Aarre orienterte om: Samhandling med andre avdelingar i Helse Førde  
Vanskane vi har med å samhandle internt i Helse Førde når pasientar også treng behandling i somatikken. Vi har både positive og negative erfaringar med samansette tenester for rusavhengige. Vi må sikre heilheitlege og gode helsetenester til ruspasientane.

*Styret takka for ei interessant orientering. Styret kommenterte korleis sikre heilheitlege og gode helsetenester til rusbehandling.*

*Avdelingssjef Aarre og seksjonsleiar Nøstdal svara på spørsmåla. Vi ønsker smidigare overgang mellom klinikkane.*

*Styreleiar Krakhellen oppsummerte og takka for god og tankevekkande presentasjon.*

## **Sak 047/2023      Godkjenning av innkalling og dagsorden**

Styreleiar Krakhellen leia møtet og orienterte om dagsorden:

- Reidar Sandal hadde meldt forfall
- Torfinn Heggland deltok via video
- Nytt dokument utdelt: «Tilleggsdokument til Styringsdokument 2023 for Helse Førde HF» vedtatt i Føretaksmøte 19.09.2023 ( blir også lagt i Admincontrol)
- Økonomi og farten inn i 2024 har hovudfokus i dagens møte
- Har nokon habilitet til saker på saklista?

Styremedlem Espeland stilte spørsmål om ev habilitet til innovasjonssaka.

### **Vedtak (samrøystes):**

Innkalling og dagsorden vart godkjent.

## **Sak 048/2023      Godkjenning av protokoll frå styremøte i Helse Førde HF 21.06.2023**

### **Vedtak (samrøystes):**

Styret godkjende protokoll frå styremøte i Helse Førde HF 21.06.2023.

## **Sak 049/2023      Administrerande direktør si orientering**

Adm. direktør Varden innleia om nytt punkt 5 "Leger-må-leve"-kampanjen.

Bilde frå besøk før valget:

- Besøk av Stortingspresidenten og Ap, som fekk omvisning i Livabygget, også ved Radiologisk avdeling.
- Vestland SP med fylkesordførar og ordførar i Sunnfjord kommune, også med omvisning i Livabygget
- SV, ved stortingsrepresentant og fylkestingsrepresentant
- Vestland Høgre på besøk ved Lærdal sjukehus. Tema var Lærdalstunnelen m.m.
- Vestland KrF
- Besøk av adm. direktør Inger C. Bryne 31. august, med omvisning i fleire avdelingar og Livabygget

### **1. Rapportering tilsynssaker**

### **2. Oversikt over aktuelle høyringar**

### **3. Saker til oppfølging etter styremøte**

*Styret stilte spørsmål til sak om mål om tilstandsgrad for sjukehusbygga.*

*Adm. direktør Varden svara at saka er under arbeid. Den blir truleg klar til neste styremøte.*

### **4. Sjukefråvær - korttids- og langtidsfråvær**

HR-direktør Skjelten orienterte om utvikling i sjukefråvær, jf. spørsmål i juni møte.

Utvikling i sjukefråvær 2019, 2022 og 2023 vart presentert.

- Sjukefråvær over tid, viser høgare fråvær i juli månad
- Vi ligg bra anna i forhold til i fjor, men høgare enn i 2019
- Korttidsfråvær viser låge tall. Siste halvår har vi hatt litt høgare langtidsfråvær. Totaltalle for Helse Førde er bra
- Sjukefråvær i juli per stillingstype viser høgaste sjukefråvær for sjukepleiarar og helsefagarbeidarar
- Vi må sette inn tiltak for avdelingar som har høgt sjukefråvær
- KAMU i avdelingane har ei viktig rolle i tiltak for sjukefråvær

Helse Førde har ei stabil utvikling og lågaste fråværsprosent samanlikna med dei andre helseføretaka i Helse Vest.

### **5. "Leger-må-leve"-kampanje**

Fagdirektør Kjølraug orienterte om Kampanjen #legermåleve

Den kom opp i juni. Dette er eit nytt momentum til eit opprør som har pågått lenge. Adm. direktør i Helse Stavanger har hatt ei orientering. Vi hadde det opp i føretaksleiinga til diskusjon. Blir tema i eit fredagsmøte 6. oktober.

Stig Amundrud publiserte 9. juni dette innlegget «Norge har mistet nok et menneske i selvmord» på Helsebrølet. Dette er ein kombinasjon av stort arbeidspress og å ta vare på seg sjølv.

Kva handlar dette om?

- Arbeidsbetingelsar og forventningar, arbeidsmiljø og kultur
- Handtering av ein stressande arbeidskvardag
- Stor totalbelastning – heime og arbeid

### **Vedtak (samrøystes):**

Styret tek orienteringa til vitende.

## **Sak 050/2023 Rapportering frå verksemda per august 2023**

### **Oppsummering:**

#### *Administrerande direktør Varden innleia rapporteringa*

- Resultatet for august er negativt med 7,3 millionar kroner, som er nær 9 millionar bak budsjett
- Hovudforklaringa er lågare inntekter enn budsjettet og meirforbruk på personalkostnader
- Aktiviteten i somatikk, utanom H-resept, var i august 4,9 prosent lågare enn budsjetterte DRG-poeng
- Aktiviteten innan psykisk helsevern for vaksne følgjer plan, medan TSB og barn og unge er det lågare aktivitet i perioden enn planlagt
- Uroa for høge ventetider og auka tal fristbrot
- Sjukefråværet for juli var 7,4 prosent. Det er ein auke samanlikna med dei siste månadene. Auken skuldast langtidsfråværet som er 5,8 prosent
- Vi ha nedgang i tilviste, auke i totalkø, og færre avslutta

Aktiviteten - overordna pasientflyt per viser:

Nytilviste 5 107 (-6%)	Ventelistekø 6 868 (0%)	Totalkø 45 877 (4%)	Avslutta 5 010 (-5%)
---------------------------	----------------------------	------------------------	-------------------------

#### *Fagdirektør Kjølraug orienterte om: Fag og kvalitet*

- Gjennomsnittleg ventetid – helsehjelp starta i perioden, viser 77 dagar

- Gjennomsnittleg ventetid – ventande ved periodeslutt, er aukande og viser 94
- Fristbrot oppstått i perioden, viser 356 nye i august, svarande til 13,1%

#### Tertialrapportering Fag:

- Forbruk av breispektra antibiotika i norske sjukehus
- Polikliniske konsultasjonar som gjennomførast over video og telefon, viser 11 prosent (mål: minst 15 prosent)
- Passert planlagt tid, viser 14 prosent (mål: mindre enn 5 prosent)
- Prosentandel epikriser sende innan 1 dag etter utskriving
- Gjennomført pakkeforløp kreft innan maksimal tilrådd forløpstid
- Manglande/ufullstendig talgrunnlag

#### *Adm. direktør Varden orienterte om: Lang ventetid somatikk*

- Ventetid somatikk – overordna vurderingar  
Innan kirurgiske fag er det i hovudsak tilstandar med låg alvorsgrad og lite funksjonsfall som kaper lang ventetid. Alle tiltak utover eksisterande drift vil medføre auke i økonomiske utgifter
- Ventetid somatikk – moglege tiltak/konsekvensar  
Gjere arbeidet sjølv ved å utvide eiga drift  
Be andre aktørar innan Helse Vest hjelpe til  
Be andre aktørar utanfor Helse Vest hjelpe til  
Ikkje iverksette tiltak

#### *Økonomidirektør Helleseth orienterte om: Aktivitet, bemanning og økonomi*

- Tal sjukehusopphald viser nedgang, tal polikliniske konsultasjonar viser tall foran budsjett.
- Brutto månadsverk er 2 488. Netto månadsverk er 1 824
- Resultat per august vart lågare enn forventa
- Meirforbruk på personalkostnader var høgare enn venta. Noko av dette heng saman med ferieavviklinga tidlegare i år
- Vi held framleis på prognose på 50 millionar bak eit budsjettert resultat på 20 millionar

Overordna analyse vart skissert.

*Styret takka for god presentasjon.*

#### *Adm. direktør Varden og økonomidirektør Helleseth orienterte om: Sommaravvikling*

- Kva tiltak vart sett i verk knytt til sommaravvikling?
- Hovudfunn i sommaravtalar, viser ei innsparing på over 1,4 millionar kroner (sept-23 mot sept.-22)
- Overtid – hovudfunn, viser at talet på overtidstiar redusert med over 17 000 (sept-23 mot sept-22)

**Vedtak (samrøystes):**

Styret tek administrerande direktør si rapportering frå verksemda per august 2023 til vitende.

**Sak 051/2023      Budsjet 2024 - løypemelding****Oppsummering:**

Helse Førde fekk førebels ramme frå Helse Vest 14.06.2023. Dei økonomiske rammevilkåra er svært stramme framover, jf. også økonomisk langtidsplan for 2024-2028. Inntektene til Helse Førde er stabile som følgje av folketalsutviklinga, men kostnadene aukar. Resultatkravet til Helse Førde er redusert frå 20 millionar i 2023 til 2 millionar i 2024.

*Adm. direktør Varden orienterte om: Budsjett 2024 – løypemelding*

- *Adm. direktør hadde møte med avdelingssjefar 14. september og tillitsvalde 15. september. Agenda var:  
    Utvikling 2022-2023  
    Kostnadsdrivarar  
    Førebels ramme frå Helse Vest  
    Realendringar, innsparingskrav, handlingsrom, tiltak og prosess*
- *Artikkel på intranett fredag 15. september om «Helse Førde manglar 100 millionar»*
- *Prosess knytt til innsparing*
- *Prognose 1*
- *Svært stramme økonomiske rammer*
- *Kostnadsdrivarar*

*Økonomidirektør Hellesteth orienterte om:*

- *Innmelde behov/realendringar*
- *Reelt innsparingskrav 100 millionar +*
- *Handlingsrom: Det er ikkje signal om auka ramme frå HOD  
    Redusere resultatkravet  
    Arbeid for auka ramme  
    Tiltak som gjer at klinikkane kjem i balanse  
    Omprioritering mellom klinikkane. I praksis frå stab til somatikken!*

*Adm. direktør Varden orienterte om: Konkretisering og fristar*

*Samla må Helse Førde redusere kostnadene med 50 millionar! I tillegg må ein redusere investeringsbudsjett med 50 millionar i 2024. Alle klinikkane må grunngje auken i tilsette samanlikna med 2019 ned på resultateining – frist 29. september.*

*Styreliaar Krakhellen oppsummerte og takka for god orientering. Dette blir krevjande. Å følgje opp budsjetttrammer og kvalitetskrav frå eigar er noko av styret sitt ansvar. I denne situasjonen er forventinga i realiteten å levere same gode tenester til mindre rammer. Difor må vi sjå på innovasjon, og omstilling i alle ledd. I Nye Førde sjukehus må det vere mogleg å løyse ting betre. Investeringar i IKT må også hjelpe oss på bemanningssida. Alle må bidra. Styret må støtte opp om administrasjonen, bidra til god prosess, og til slutt ta dei rette avgjerdene.*

**Vedtak (samrøystes):**

Styret i Helse Førde HF tek sak om budsjett 2024 til vitende og ynskjer fortløpande informasjon om utviklinga.

**Sak 052/2023      Årleg gjennomgang av styrande dokument for styret i Helse Førde HF****Oppsummering:**

«Årleg gjennomgang av dei styrande dokumenta for styret i Helse Førde HF» vore ei fast styresak frå 2016. Dette for å sikre god kunnskap og oversikt, også at ein jamnleg skal kunne oppdage endringar eller tilpassingar i dei gjeldande styrande dokumenta.

Dokumentet «Retningslinjer for leiarløn i Helse Førde» vart oppdatert 27.10.2022, jf. styresak 059/2022. Dokument «Fullmaktsstruktur» er endra sidan førre årlege gjennomgang.

*Styret kommenterte at det ved møtestart vert eit fast spørsmål om inhabilitet, med ny tekst i møteinnkallinga, også at dette er omtala i styreinstruks.*

**Framlegg til vedtak:**

Styret er kjend med og tek til etterretning følgjande styrande dokument:

- a. Vedtekter for Helse Førde HF, sist endra 23.02.2022
- b. Styreinstruks for Helse Førde HF, revidert 05.09.2018
- c. Instruks for administrerande direktør i Helse Førde HF, revidert 02.09.2020
- d. Fullmaktsstruktur for Helse Førde HF, revidert mars 2023
- e. Omtale av delegasjons- og fullmaktsregime i Helse Førde, revidert 2021
- f. Rettleiar for styrearbeid i helseføretak, revidert 26.09.2019
- g. Ethiske retningslinjer for Helse Førde
- h. Retningslinjer for leiarløn, oppdatert 27.10.2022

**Endringsframlegg frå styret:**

1. Styret er kjend med og tek til etterretning følgjande styrande dokument:



- a. Vedtekter for Helse Førde HF, sist endra 23.02.2022
- b. Styreinstruks for Helse Førde HF, revidert 05.09.2018
- c. Instruks for administrerande direktør i Helse Førde HF, revidert 02.09.2020
- d. Fullmaktsstruktur for Helse Førde HF, revidert mars 2023
- e. Omtale av delegasjons- og fullmaktsregime i Helse Førde, revidert 2021
- f. Rettleiar for styrearbeid i helseføretak, revidert 26.09.2019
- g. Etske retningslinjer for Helse Førde
- h. Retningslinjer for leiarløn, oppdatert 27.10.2022

2. Følgjande styrande dokument vert gjennomgått og oppdatert:

- Styreinstruks for Helse Førde HF
- Retningslinjer for leiarløn

3. Styret ber Helse Vest vurdere å oppdatere rettleiar for styrearbeid i helseføretak.

4. Styret ser behov for at det blir utarbeidd ei rutine for eigenhandel i verdipapir, der Helse Førde har interesser. Styret ber Helse Vest vurdere om dette kan vere felles for Helse Vest, og om slik rutine kan innarbeidast i eksisterande styrande dokument.

**Votering:**

Styret sitt endringsframlegg vart samrøystes vedteke.

**Vedtak (samrøystes):**

1. Styret er kjend med og tek til etterretning følgjande styrande dokument:

- a. Vedtekter for Helse Førde HF, sist endra 23.02.2022
- b. Styreinstruks for Helse Førde HF, revidert 05.09.2018
- c. Instruks for administrerande direktør i Helse Førde HF, revidert 02.09.2020
- d. Fullmaktsstruktur for Helse Førde HF, revidert mars 2023
- e. Omtale av delegasjons- og fullmaktsregime i Helse Førde, revidert 2021
- f. Rettleiar for styrearbeid i helseføretak, revidert 26.09.2019
- g. Etske retningslinjer for Helse Førde
- h. Retningslinjer for leiarløn, oppdatert 27.10.2022

2. Følgjande styrande dokument vert gjennomgått og oppdatert:

- Styreinstruks for Helse Førde HF
- Retningslinjer for leiarløn

3. Styret ber Helse Vest vurdere å oppdatere rettleiar for styrearbeid i helseføretak.

4. Styret ser behov for at det blir utarbeidd ei rutine for eigenhandel i verdipapir, der Helse Førde har interesser. Styret ber Helse Vest vurdere om dette kan vere felles for Helse Vest, og om slik rutine kan innarbeidast i eksisterande styrande dokument.

### Saker til orientering:

#### **Sak 043/2023    Statusrapport om innovasjon i Helse Førde**

##### **Oppsummering:**

Rapporten inneheld status på aktivitet, korleis vi har jobba med å forbetre kvalitetssystemet vårt knytt til innovasjon og litt om korleis vi samhandlar med omgjevnadene våre. Samla sett syner rapporten av Helse Førde jobbar målretta med innovasjon og får stadig større kompetanse og erfaring på området.

*Adm. direktør Varden innleia om innovasjon.*

*Seksjonsleiar Mjanger orienterte om: Statusrapport innovasjon*

- «Innovasjon er en helseleders viktigste oppgave»
- Oppstart MyPath-MATRIX i Førde
- Handlingsplan FOI 2002-2025
- 2015-2023: 27 søknader til eksterne kjelde, med 85% innvilga
- Nasjonal indikator for innovasjonsaktivitet 2022, skal måle aktivitet og nytte
- Innovasjon i tre nivå
- Forskingsbasert innovasjon: Nytt-nyttig-nyttiggjort
- Akuttskrin for anafylaksi-skrin: Implementering starta
- Fot-støtte til sårstell
- Overordna retningslinje for helseføretaka i Helse Vest

*Styret kommenterte og viste til positiv omtale av innovasjonskonferansen. Korleis tenker ein prioritering av innovasjonsmidlar i ei trangare budsjett-tid?*

*Styreleiar Krakhellen takka for ein god rapport som viser at Helse Førde har gode resultat i innovasjonsarbeidet.*

##### **Vedtak (samrøystes):**

Styret tek statusrapport om innovasjon i Helse Førde til vitende.

## **Sak 053/2023      Bierverv i Helse Førde - status**

### **Oppsummering:**

Rapportar viser litt nedgang i tal registrerte bierverv i perioden samanlikna med 2022. Det blir i klinikkane sine leiargrupper informert om retningslinjer for bierverv. HR vil halde fram rutinen med å sende årleg rapport med oversikt over bierverv i klinikk til nivå 2-leiar. Retningslinjene knytt til bierverv vert vidareførte.

Det er ikkje kome tilbakemeldingar til Helse Førde frå Riksrevisjonen i samband med kontrollen av helseføretaka si handtering av bierverv (januar 2017).

### **Vedtak (samrøystes):**

Styret tek orientering om bierverv til vitende.

## **Sak 054/2023      Beredskapsarbeid i Helse Førde - handlingsplan 2023-2024**

### **Oppsummering:**

Beredskapsarbeidet har også i år vore påverka av ustabilitet i vår del av verda. Det har vore fokus på organisering av CBRNE-handtering og masseskade/mange pasientar. Helse Førde har delteke aktivt i utarbeiding av Helse Vest RHF sin delplan CBRNE-beredskap. IKT-beredskapen er for lite kjent, og tiltak er sett i verk for å betre denne. Det gjeld også utarbeiding av ROS-analyse innan området.

Det har vore både fullskalaøvingar og bordøvingar. Det er gjennomført møte med politiet, LRS og fylkesberedskapsråd.

Det er fokus på sivilt-militært samarbeid også i vårt område. Det er ikkje etablert felles sivilt beredskapssystem saman med primærhelsetenesta og andre aktørar. Helse Førde har utarbeidd plan og retningslinjer for sikkerheitsorganisasjon.

Det vert arbeidd målretta med betre beredskapsplanar, tiltakskort og sjekklister som gjev dei tilsette støtte når hendingar oppstår.

### **Vedtak (samrøystes):**

Styret tek saka til orientering.

## Sak 055/2023    Høring - NOU 2023:17 "Nå er det alvor - Totalberedskapskommisjonen"

### Oppsummering:

Totalberedskapskommisjonen viser til at fragmentering av ansvar i dagleg drift krev stor grad av samordning ved krise- og beredskapshendingar på nasjonalt, regionalt og lokalt nivå.

Alle dei ulike kategoriane av tenesteytarar er avhengig av andre ressursar. Helsetenestene er sårbare på ei rekkje område, og må sikre betre beredskapssevne.

Krav til beredskap må avklarast på overordna nivå, og det må fylgje med verkemiddel for å nå målsetninga.

### Vedtak (samrøystes):

Styret tar administrerande direktør si saksutgreiing om *NOU 2023:17 No er det alvor* til vitende. Styret vil poengtere fylgjande punkt:

1. Krav til beredskap, ressursbruk og prioriteringar må avklarast på overordna nivå, og det må fylgje med verkemiddel for å nå målsetjinga.
2. Helsetenesta må sikrast samordna myndigheitsstyring og beredskapsleiing nasjonalt, bygd på ansvarsprinsippet. Det må utviklast gode løysingar for nasjonal, regional og lokal beredskapskoordinering.
3. Auka grunnberedskap krev tilgang til personell, kompetanse og rett bruk av ressursane i dagleg drift.
4. Forsyningsordningar for medikament, eingongsutstyr, matforsyning og distribusjon må sikrast nasjonalt i tett samarbeid med regionalt nivå.

## Sak 056/2023    Prehospital plan – rapportering første halvår 2023

### Oppsummering:

Helse Førde har sett i verk og gjort seg erfaringar med endringane som vart vedtekne i prehospital tenester for ytre Bremanger og Dalsfjorden/Ytre Sogn.

Tenestene som vert leverte har god kvalitet, og det er godt samarbeid med kommunar og andre aktørar i dei prehospitala tenestene. Evalueringa byggjer vidare på evaluering som vart lagt fram etter første halvår i januar 2023.

*Adm. direktør Varden innleia om saka, med halvårleg rapportering to første åra.*

*Ambulansesjef Sægrov orienterte om evaluering av Prehospital plan, og tilbakemeldingar frå kommunane. Frå 01.01.2023 er ei brytningstid med å hente ut rapportar.*

*Styret takka for god informasjon og utfyllande sak.*

**Vedtak (samrøystes):**

1. Styret konstaterer at Helse Førde leverer gode og forsvarlege prehospital tenester i samsvar med prehospital plan.
2. Administrerende direktør blir bedt om å legge fram neste evaluering våren 2024.

**Sak 057/2023    Nye Førde sjukehus - løypemelding**

**Oppsummering:**

Prosjektet går godt, framdrifta og dialogen med Veidekke er god. Veidekke arbeider mot eit mål om å ferdigstille Livabygget for overlevering 22. august 2024.

Sluttprognosen for heilskapen i Nye Førde sjukehus er 1,875 milliardar kroner, og dette er i samsvar med det nedskalerte målet som prosjektet arbeider mot.

Planar for gjennomføring av Svana mini er no etablert og det blir planlagt nedskalering og avvikling av prosjektorganisasjonen til Nye Førde sjukehus mot slutten av 2024.

*Adm. direktør Varden orienterte om Nye Førde sjukehus.*

**Vedtak (samrøystes):**

Styret tek løypemeldinga til vitende.

**Sak 058/2023    Eventuelt**

Styreleiar Krakhellen orienterte om at det kan bli ein litt seinare møtestart til neste styremøte 26. oktober.

**Vedtak (samrøystes):**

Styret tek «Skriv og meldingar» til vitende.

**Skriv og meldingar****Følgjande skriv og meldingar var utsendt:**

- Samhandlingsnytt juni 2023
- Referat frå møte i felles brukarutval 07.06.2023

**Følgjande dokument vart utdelt i møte:**

- Tilleggsdokument til Styringsdokument 2022 for Helse Førde HF

Ref. Berit Irene Haarklau  
21.09.2023

Ole Gunnar Krakhellen	Styreleiar
Anne Sissel Faugstad	Nestleiar
Aud Ingrid Espeland	Medlem
Reidar Sandal (sett)	Medlem
Thomas Vingen Vedeld	Medlem
Marit Hermansen	Medlem
Ivar Eriksen	Medlem
Lena Thorsnes	Medlem
Randi Aven	Medlem
Torfinn Heggland	Medlem
Kari Sunde Kvile	Medlem